

Stenging av vatnet fredag kl. 9.

14.12.2017



Vatnet må stengjast for å få reparert denne vasslekasjen.

**Leiaren i Uskedal vassverk, Hans Reidar Kjærland, opplyser at dei må stengja vatnet for abonnentar frå Skulebru og innover til Korsnes frå kl.9 i morgen, fredag. Stenginga berører ikkje abonnentar på Kjærlandssida. Kjærland seier at det er usikkert kor lenge abonnentane vil vera utan vatnet, men lovar at dei skal få det tilbake så fort som mogeleg.**



Lekkasjen er ned i denne hola, og det renn betydelege mengder vatn ut i grunnen.

Bakgrunnen for stenginga er ein vasslekkasje like på nedsida av huset der Trond Olsen og Bente Myhre bur. Han fortel at dei har vore klar over lekkasje ei stund, men no er den lokalisert, og den var større enn dei først rekna med. Vatnet renn ut i grunnen.

Kjærland beklagar at skule, barnehage og arbeidsplasser vert berørt av stenginga.

- Men vi har ikkje noko valg. Arbeidet må gjerast i arbeidstida, seier han og forklarer det med at det kan vera at dei må få tak i deler, og då må det gjerast medan det er råd å få tak i. Han seier vidare at dei skal gjennomføra operasjonen så fort som mogeleg og håpar det skal vera ferdig innanfor eit par timer.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland